

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Kine Bratli Dale (A) sette på vegner av A, FNB, H, MDG, SP, SV, V, KRF, R, U frem slikt forslag:

«Fråsegn

Kjønnsdelte garderobar på fylkeskommunale byggeplassar

Arbeidsplassforskrifta slår fast at bygg- og anleggs plassar normalt skal ha skilde garderobar for kvinner og menn, likevel får vi tydelege tilbakemeldingar frå bransjen om at dette ikkje er tilstrekkeleg. Sjølv om hovudregelen er at det skal oppretta kjønnsdelte garderobar på byggeplassen, har det etablert seg ein praksis der garderobar for kvinner berre blir etablerte ved behov og då gjerne etter at kvinner sjølv ber om det. Dette finst og på fylkeskommunale byggeplassar.

Bygg- og anleggsbransjen er ein bransje som i framtida vil krevje fleire tilsette. Per i dag ser vi bort frå ein stor del av arbeidsstyrken vår frå å delta i desse yrka på grunn av manglande tilrettelegging. I Vestland fylke utdannar vi bygg- og anleggsarbeidarane i framtida, det er derfor viktig at vi står fram som eit godt døme og sikrar gode og trygge arbeidsvilkår for arbeidstakarar og lærlingar som skal jobba på byggeplassane våre. Kvart år blir det gjort forsøk på å rekruttere fleire kvinner til bygg- og anleggsbransjen men fasiten er framleis slik at det berre er ca. to prosent av fagarbeidarane i denne bransjen som er kvinner, kanskje kan vi bidra til å endra på det ved å legga til rette for betra fasilitetar på byggeplassane.

Under årets lønnsoppgjer fekk Fellesoverenskomsten for byggfag mellom Byggenærings Landsforening og Fellesforbundet på plass ei avgjerd om at det skal vera separate dame- og herregarderobar og toalett med eigen inngang på alle byggeplassar der det blir rigga for fleire enn ti arbeidstakarar. Dette er ein stor siger for det likestilte arbeidslivet, men er ingen garanti frå bransjen i sin heilskap.

Fra 1. juli, når den nye avgjerdene trer i kraft, vil det bli ei utfordring på bygg der til dømes entreprenøren er uorganisert og ein av underentreprenørane har tariffavtale og dermed krav om at det skal riggast for begge kjønn. Dette kan skapa juridiske usemjer og i verste fall gjera at organiserte bedrifter blir nedprioriterte som underleverandørar. Vestland fylkeskommune som ein seriøs arbeidsgivar og oppdragsgivar bør derfor ha tilsvarende avgjelder som i tariffavtalen for å sikra at vilkåra i avtalen blir oppfylt og at ikkje organiserte bedrifter blir utkonkurrert av useriøse aktørar.

Både Oslo kommune og Statsbygg praktiserer allereie slike avgjelder i anbodsgrunnlaga sine i tillegg til at det blir tilrådd som ein del av standardkontraktane til bransjeforeininga Norsk Eigedom.

Forslag til vedtak:

Vestland fylkeskommune skal sørge for at utbygger etablerer separate dame- og herregarderobar og toalett med eigen inngang på alle fylkeskommunale byggeplassar. Bestemmelsen blir tatt inn i fylkeskommunens anbodsavgjelder umiddelbart og trer i kraft frå 1. juli 2021, skilde garderobefasilitetar skal òg innførast på eksisterande byggeplassar der det er mogleg.

Avrøysting

Bratli Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fråsegn:

Vestland fylkeskommune skal sørge for at utbygger etablerer separate dame- og herregarderobar og toalett med eigen inngang på alle fylkeskommunale byggeplassar. Bestemmelsen blir tatt inn i

fylkeskommunens anbodsavgjærder umiddelbart og trer i kraft fra 1. juli 2021, skilde garderobefasilitetar skal òg innførast på eksisterande byggeplassar der det er mogleg.